



Rolf Helge Hellebø
Åmundsleitet 97
5115 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16962 - 20/66437

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
21.10.2020

Tillatelse til utvida bruk av avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 345/47

Tiltak: Utvida bruk av eksisterande avkjørsle for fritidsbustad
Byggestad: Stekkevikvegen 20 – GBNR 345/27,47
Tiltakshavar: Rolf Helge Hellebø
Ansvarleg søkar: Rolf Helge Hellebø

Delegertsak nr.: 1121/20

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for fritidsbustad datert 08.10.2020.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Tiltakshavar ønskjer å anlegge køyreveg og parkeringsplass på gbnr 345/27. Til tider er det så mange køyretøy at det er vanskeleg å finne parkeringsplass for alle. Ei tilkomstveg og parkeringsplass vil løyse dette. I tillegg vil det lette arbeid med å få eigedom knytt på kommunalt vatn og avløp.

Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er etablert som ei eifeltsveg med to køyreretningar. Vegen er ikkje skilta med særskilt fartsgrense. Fartsgrense følgjer av Vegtrafikkloven § 6.



Det er ikkje lagt ved lengdesnitt som viser stigningsforhold i avkjørsle. Ihht gjeldande regelverk skal avkjørsle på den første meteren ha eit svakt fall frå kommunal veg før vegen stiger. Føremål med kravet er å sikre at overvatn ikkje vert ført ut i kommunevegen.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve utvida bruk av eksisterande) avkjørsle frå kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- På den første meteren skal avkjørsle ha eit svakt fall (3-5cm) frå kant kommunal veg før vegen stiger. Etter dette skal stigning være maks 1:8.
- Siktsona skal være etablert ihht krav gitt i Vegnormal N100. Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Svingradius i avkjørsle vert sett til $R = 4$ meter.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn frå og ut i kommunal veg.
- Under avkjørsle skal det leggjast ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm. Dreneringsrøret skal leggjast slik at overvatn frå kommunal grøft får fritt løp inn og ut av røret.

Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rolf Helge Hellebø

Åmundsleitet 97 5115

ULSET